

## KULTUR

# Fargerik utstilling i Gunnar S. Galleriet

Med rundt 25 til stades vart utstillinga til Gunnar S.-stipendiat Mona Grini offisielt opna i Byporten torsdag kveld.

Anne Lene Hansen  
anne-lene@ytresogn.no

– Mona Grini, som er stipendiat for året 2020, er no tilbake i Høyanger med ei utstilling der ho syner oss tilverka inspirasjonar frå opphaldet ho hadde her i fjor. Eg vil ønskje stipendiaten velkomen til Høyanger, og ønskje ho lukke til med utstillinga, som vil henge her på galleriet fram til 28. januar neste år, sa ordførar Petter Sortland i talen sin.

## Satsar på kultur

Han fortalde vidare at Høyanger kommune satsar målbevisst på kultur, og han er trygg på at satsinga på det området vil betale seg mangfaldig tilbake – i form av auka identitet, stoltheit og bevisstgjerjing av kven du er og kor du kjem frå – og at kunsten gir «liv til bygda», og set farge på kvardagen.

– Sist sommar vart kommunen plukka ut til å vere ein av tre pilotar i eit kraftturisme-prosjekt initiert av Vestland fylkeskommune. Bakgrunn er ein veksande trend knytt til individuell- og opplevingsbasert reiseliv. Folk reiser i små grupper eller åleine for å oppleve noko genuint, noko ekte, gjerne relatert til kultur og historie. Interesse for ekte industri- og krafthistorie er noko som har auka dei siste åra. Dog i småskala format er Høyanger



Torsdag kveld vart utstillinga til Gunnar S-stipendiat Mona Grini (t.h) offisielt opna i galleriet i Byporten av Høyanger-ordførar Petter Sortland.

ein genuin «industriby», der ein som gjest finn mange døme på målbevisst satsing på innbydande byrom for folk i alle aldersgrupper, smykka med skulpturar og andre installasjonar omkransa av fantastiske blomsterdekorasjonar.

## Langsom prosess

For hovudpersonen sjølv var det stas å bli tildelt stipendet, og ikkje minst sjå den ferdige

utstillinga på veggane i galleriet.

– Eg vart veldig glad for å få Gunnar S-stipendet, slik at eg hadde noko å jobbe med under pandemien. For å hente inspirasjon og samle inntrykk til utstillinga var eg på besøk i Høyanger i fjor, den eine gongen i juni månad, den andre i august. Min måte å gjere det på går mykje på dette med fargar, landskap og stemning, seier Grini, som

er godt nøgd med sluttresultatet, der bileta blir løfta fram når dei kjem på veggane i det flotte galleriet.

– Det å jobbe med måleri er ein langsam prosess, der mine har mange lag og er noko som eg jobbar med over tid. Eine delenav utstillinga er måleri, medan den andre er grafikk, der nokre av dei er laga tidlegare, seier Mona Grini til Ytre Sogn.

## Nøgde besøkjande

Både leiar i Høyanger Kunstlag Reidun Haugnes og andre medlemmer som Ytre Sogn prata med tykkjer det er fantastisk at galleriet har ei ny, flott kunstutstilling på plass.

– Det er utrueleg kjekt at vi igjen har fått på plass ei utrueleg fargerik utstilling, med nydelig arbeid av Mona Grini, seier Haugnes.



Under medlemskvelden til Høyanger kunstlag fekk dei framtmøtte sjå den ferdige utstillinga med til saman 49 arbeid.



Frå både Høyanger kommune og Høyanger kunstlag vanka det flotte gåver til kunstnaren.



Leiar i Høyanger kunstlag Reidun Haugnes og ordførar Petter Sortland var svært imponert over den flotte utstillinga til Gunnar S-stipendiat Mona Grini (midten)



Kunstnar Mona Grini i gong med siste finish på utstillinga før galleriet opna dørene torsdag kveld.